

# MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 3, august 2023. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

Desse breva er i første omgang eit forsøk. Tanken er å lage brev ein gong i månaden med hovudvekt på internasjonalt materiale, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder, om mattilgangen i verda. Me vil skrive om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over.

Tema for dette nummeret er tre, klimakatastrofar i verda så langt i 2023, ein guide utarbeidd av Éin planet-nettverket for land i arbeidet med matsystemet og ein rapport om landbruket i Ukraina.

Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 3.

## EKSTREMVÊR ELLER NY NORMAL?



Bileta er frå  
Ål i Halling-  
dal i august  
2023.

Omfanget av ekstreme vêrhendingar har vakse mykje dei siste tiåra, skriv FN i rapporten *Human cost of disasters*, som kom ut i 2020. I tjueårsperioden 2000-2019 var det 7348 store katastrofar, av dei 6681 klimarelaterte), som i alt tok 1,23 millionar liv, vedkom 4,2 milliardar menneske og førte til globale ekstrakostnader på 3 billionar dollar. I tjueårsperioden før var dei tilsvarende tala 4212 katastrofar, av dei 3656 klimarelaterte, 1,19 millionar liv, 3,25 milliardar menneske og 1,63 billionar dollar i kostnader. Talet på flaumkatastrofar vart meir enn dobla, frå 1389 ti 3254, og talet på stormar auka frå 1457 til 2034.

Om eit år kan me oppsummere ekstremvêr i 2023, men alt no ser me at mange rekordar blir slått. Det følgjande er ein gjennomgang av dei mest dramatiske, klimarelaterte hendingane så langt dette året:

- Temperaturane i Afghanistan i januar gjekk ned til -28 grader, langt under normale vintertemperaturar. 78 menneske og 77 000 husdyr enda sine dagar i landet som alt før er merkt av djup krise.
- USA hadde sin tredje våtaste januar dette året. California, som tidlegare var ramma av tørke gjennom mange år, vart midtvinters ramma av oversvømmingar og samfunn under vatn.

# FNS BEREKRAFTMÅL 12 OG ÉIN PLANET-NETTVERKET



I førre månadsbrev skrev me om FNs berekraftmål 1 om å utrydde fattigdom og 2 om å utrydde svolten. Berekraftmål 12 gjeld ansvarleg forbruk og produksjon. Tidsramma er ti år. Alle land forpliktar seg til å arbeide for måla, men slik at industrieland må gå føre og respektere fattige lands større behov. Matsvinnet per innbyggjar skal halverast, med vekt på alle ledd i produksjons- og forsyningsslinjene. Avfallsmengdene skal ned. Bedrifter, og særleg dei store og fleirnasjonale, må ta i bruk berekraftige metodar og informere om berekraft i sine rapporteringar, for å nemne noko. «Innan 2030 skal landa sikre at alle menneske i verda har relevant in-

formasjon om og forståing av berekraftig utvikling og eit levesett i harmoni med naturen», er eit av dei delmåla regjeringsane, også vår, har slutta seg til, det å redusere ineffektive subsidiar til fossilt brensel er eit anna.

For å realisere dette har bønder, politikarar og fagfolk, statar, bedrifter, sivilsamfunn, forskingsinstitusjonar og internasjonale organisasjonar gått saman om å danne Éinplanetsnettverket. I mai i år publiserte dette nettverket, saman med FNs utviklingsprogram og FAO, rapporten *Rethinking our Food Systems* (Nytenking om våre matsystem). Rapporten er ein guide, ei rettleiing for å utvikle demokratisk produksjon, foredling og distribusjon av mat.

Vegvisaren legg stor vekt på å inkludere små matproducentar. Dei står for tyngda av verdas matproduksjon. Gardar under to hektar (20 da) produserer omrent 35 % av verdas mat. I utviklingsland utgjer kvinner 43 % av arbeidskrafta i landbruket. Men produsentane, særleg småbrukarane og kvinnene, kjem ofte i siste rekke når det gjeld deltaking i avgjerdss prosessar, slår rapporten fast. For å nå berekraftmålet er det avgjerande å styrke deira innverknad. (side 13)

Rapporten deler utfordringane i fem tema:

Tema 1 er å utvikle breidda i engasjementet rundt matproduksjon. Kven bør sitje ved bordet, spør dei og svarar at det må leggjast stor vekt på å sikre ein god balanse i samarbeidet mellom gruppene, der alle, også dei små produsentane, får sine stemmer fram.

Tema 2 er å sikre ei god forståing blant folk for matsystemet. Kunnskapar om matproduksjon må nå ut til heile befolkningane, og desse kunnskapane må ikkje berre vere dei etablerte vitskaplege, kunnskapane til bygdefolk og urfolk, både om produksjon, berekraft og inkludering.

Tema 3 er å fremje inkluderande og effektivt samarbeid om matproduksjon. Igjen poengtesser rapporten at det må leggjast spesiell vekt på å hjelpe fram marginale stemmer og underrepresenterte grupper. For at dette skal skje, krevst kompetanse og forståing i alle aktørgrupper og særleg blant dei nasjonalt ansvarlege.

Tema 4 er å definere retning og vegkart. Dei ulike aktørgruppene i samarbeid må finne vegane framover, og alle aktørar må vere likeverdige i arbeidet. Det kan berre skje med kontinuerleg arbeid, openheit om alle sider ved arbeidet og stadig evaluering under vefs. Kunnskapar som oppstår på vegen, til dømes frå aktørgrupper som har vorte lite høyrd og i liten mon har forsking i ryggen, må leggjast ekstra vekt på og planane justerast etter det.

Tema 5 er å sikre berekraft i samarbeidet. Aktørgruppene er gjensidig avhengige av kvarandre. Utfordringa er å få komplisert sosial interaksjon til å fungere på demokratisk vis. Nasjonale styresmakter må betre sine funksjonsmåtar for å få til overgangen til berekraftige matsystem, med openheit, gjennomdrøfting saman med alle aktørgrupper og kursjusteringar under vefs.

For å realisere målet om ansvarleg forbruk og produksjon må me altså ifølgje vegvisaren legge til grunn for det første at dei med makt ikkje forstår alt, for det andre at samfunnets små og anonyme har innsikter som må inn i tenkinga, og for det tredje at vegen framover må formast i samarbeid og med gjensidig respekt.


Det føregåande er berre ein stutt presentasjon av ein 100 siders vegvisar. Næringspolitikarar og landbruksdepartement bør vurdere råda mot eigen praksis. Me i NBS vil finne att mykje av våre tankar, men systematiserte og allmenngjorde på betre vis enn me har vore i stand til.

Rapporten på engelsk kan lesast eller lastast ned frå FAOs heimesider.

**RETHINKING OUR FOOD SYSTEMS**  
A GUIDE FOR  
MULTI-STAKEHOLDER  
COLLABORATION

One planet  
sdg12.net

# DEN UKRAINSKE LANDBRUKSTRAGEDIEN



Tenketanken Oakland Institute i Oakland i California gir i den nylig framlagte rapporten «War and theft. The takeover of Ukraine's agricultural land» (krig og tjuveri, om overtakinga av Ukrainas landbruksjord) viktig informasjon om ukrainsk landbruk.

Ukraina blir kalt Europas brødkurv, og med rette, med 33 millioner hektar fruktbar dyrka jord, 35 ganger Norges dyrka matjord eller tilsvarende en tredjedel av EUs dyrka jord, og med gunstig klima og nedbør for svært mange landbruksvekster. Ukrainsk matjord er av verdens beste.

Rapporten tar for seg hvem som disponerer jorda, med spesiell vekt på en jordreform som fant sted i 2021 og da etter press fra vestlige finansinstitusjoner og den EU-vennlige regjeringen etter Maidan-opprøret i 2014.

**De fire store gruppene jordeiere** er ukrainske småbønder, staten, osteuropeiske oligarker og transnasjonale storselskaper.

Om lag tre millioner hektar er i hendene på et dusin store agribusinessfirmaer. Statens jordeiendommer utgjør fem millioner hektar. Storeierne har, hevder rapporten, langt på vei overtatt jorda fra småbønder uten tilstrekkelig dokumentert eiendomsrett, og mye av jorda er overført videre fra stat til oligarker.

Totalt kontrollerer agrobedrifter og oligarker 28 prosent av dyrkjorda. Blant disse er også den saudiarabiske staten. Ni av de ti største agrobedriftene er registrerte i utland og de fleste i skatteparadiser som Kypros og Luxembourg. Det gjør at Ukrainas skatteinntekter av deres virksomhet er små.

Mange av disse selskapene har gjeld til vestlige finansinstitusjoner, særlig Den europeiske bank for gjenoppbygging og utvikling (EBRD), Den europeiske investeringsbanken (EIB), og International Finance Corporation (IFC) – Verdensban-

kens private arm. Dette gir kreditinstitusjonene vesentlig innvirkning på driftsmåter.

**Rapporten går også gjennom** hvordan bistandsstøtere, særlig USA, har stilt vilkår for sin milliardstøtte, om innstramming av statlig hjelp, privatisering av økonomi og kutt i sosiale støtteordninger. Den viser at Det internasjonale pengefondet (IMF) og Verdensbanken i forrige tiår stilte krav om økt handel med matjord for å gi Ukraina lån. Et klart flertall av ukrainerne var imot etablering av et jordmarked og muligheter for utenlandske selskaper til å leie og kjøpe jord, men myndighetene vedtok nye liberaliseringlover for å innfri kravene utenfra. Den ukrainske staten har erstattet mye av det tidligere jordvernet med lover og regler som fremmer salg av jord eiendommer, har overgangen fra smålandbruk til agrobusiness skutt fart. Slik har småbønder blitt pressa til å selge jord og gå over til lønnsarbeid for selskapene.

**Selv om ukrainske småbønder ifølge landets statistikk** produserer 99 % av potetene, 89 prosent av grønnsakene, 78 prosent av melka og 74 prosent av kjøttet, har de liten tilgang til finanshjelp, mens agroindustrien har blitt tildelt både lån og statlig støtte.

Rapporten siterer en ukrainsk universitetsprofessor som sier at mens tusenvis av bygdegutter og -jenter kjemper og dør i krigen, opplever de som kommer hjem igjen, ofte at de ikke har noe å vende tilbake til, for deres jord og eiendom er solgt eller gitt bort. De fratras det landet de er villige til å gi sine liv for.

Rapporten hevder også at ukrainsk smålandbruk har vært miljøvennlig og levert sunne produkter til det lokale og nasjonale markedet, mens den nye stordriften innebærer monokulturell drift og vareproduksjon for betalingsvillige eksportmarkeder framfor selvberging.

Rapporten skriver: «Disse mektige aktorene har vært tydelige på at de vil bruke sin innflytelse til å privatisere landets offentlige sektor og liberalisere landbruket. Slutten på krigen bør innebære det motsatte, en økonomisk modell som ikke lenger domineres av oligarki og korruption, men der land og ressurser er kontrollert av og kommer alle ukrainere til gode. Dette kan danne grunnlag for å gjøre landbruket mer demokratisk og miljømessig og sosialt bærekraftig.»

Når landet skal gjenoppbygges, skriver rapporten, må småbønder og familiebønder anerkjennes som ryggrada i Ukrainas landbruk. Det må legges vekt på korte forsyningskjeder og stor selvforsyning, og landbrukspolitikken må bli mer demokratisk «til fordel for bøndene og andre innbyggere i stedet for kolonisering fra oligarker og utenlandske selskaper».

Framhald fra side 1:

- På det europeiske kontinentet vart vinteren uvanleg mild og snøfattig. Vintertemperaturen i Mellom-Europa var den nest-høgaste sidan målingar byrja på 1700-talet, i desember-februar 1,4 grader over det tidlegare normale. Skisenter frå Frankrike til Ungarn måtte halde stengt på grunn av snømangel. Villdyr i snødvale fann ikkje stader å grave seg ned, og bønder opplevde plantevekst lenge før våren kom. Langt unna, i Antarktis, var det unormalt varmt, og isen nådde det lågaste februarnivået på dei 45 åra satellitmålingar har funne stad.
- Syklonen *Freddy* kom i Sør-Afrika i februar, med opptil 680 mm nedbør på eit døgn og store flaumar og øydeleggjeringar blant anna i Malawi, Mosambik og Madagaskar.
- Minst 65 menneske vart drepne av jordskjelv i São Paulo sørøst i Brasil i februar. Skjelva vart utløyste av like dramatiske styrregn som i sørlege Afrika.
- I mars måtte 40 000 menneske i Malaysia forlate heimane sine på grunn av veldig flaumar. Ekspertar mente avskoging, ny infrastruktur og klimaendringar var årsaka.
- I mai kom syklonen *Mokka* i Myanmar, med hjelpebehov for 1,6 millionar menneske. *UN News* skreiv at minoritetsgruppa rohingyaane vart ekstra hardt ramma.
- Canada har i vår og sommar vore herja av meir enn 5000 skogbrannar. Omfanget er 7 gonger så høgt som det normale. Enorme skogareal har vorte øydelagde, og karbon i skogen og i jordsmonnet hamna i staden i atmosfæren og forsterkar den globale oppvarminga. 168 000 innbyggjarar har evakuert frå heimar.
- ISør-Korea tok styrregn i juli livet av minst 41 menneske og øydede mykje av avlingane. Monsunen i år er ulik alt før, og sesongen er uråd å føresjå, skreiv avisene.
- I Nord-Amerika, både USA og Canada, kom veldigheitebølgjer i juni og juli. I hovudstaden Phoenix i Arizona nådde temperaturen 43 grader eller meir i 31 dagar etter kvarandre. På sjukehusa kom folk med forbrenningar og

- heiteslag.
- Liksom Nord-Amerika nådde varmen – og skogbrannane – Mellom- og Sør-Europa, med dramatiske skogbrannar i Hellas, Italia, Spania, Portugal, Tyrkia, Kroatia og Frankrike. Storbritannia og nordiske land opplevde derimot turisttilstrøyming fordi folk ville tilbringe feriane i område med kjølegare vær.
- Tyfonen i nordlege Kina vart gitt namnet *Doksuri* og var den verste iallfall sidan 1963, med omfattande folkeflytting og eit enno ukjent tal døde.
- I sør og aust for vasskiljet i vårt eige land, og like eins i Sør-Sverige og Danmark, kom uvêret som vart gitt namnet *Hans*, i august. Når dette blir skrive, veit me berre litt om skadeomfanget. Vegar har vore og er stengde, bruer blir brotne ned, hus reiser i elveflauen og jordskreda er mange.
- På Haitis neststørste øy, Maui, herjar når dette blir skrive verdige skogbrannar. 89 menneske er rapportert døde, alt tyder på at talet vil stige, naturskadane er store, og som alle skogbrannar bidreg denne til global oppvarming.
- Den globale gjennomsnittstemperaturen i juli var den høgaste som nokosinne er målt, og 0,72 grader høgare enn snittet 1991-2020 for denne månaden. Også havtemperaturar nådde rekorder, 0,51 grader høgare enn snittet 1991-2020. Nord-Atlanteren var over ein grad varmare i juli enn dette gjennomsnittet.

Det er enno for tidleg å talfeste skade på landbruk og avlingar, men varmebølgjer, flaumar, oversvømmingar, jordras, jorderosjon og skog- og grasbrannar har øydelagt både avlingar og jordbruksland i stort omfang, og i alle verdsdelar. Naturøydeleggingane gjer at verdas bønder og fiskarar i åra som kjem får endå meir krevjande oppgåver enn før med å brødfø verdas innbyggjarar, samtidig som me må løyse oppgåvene på meir skånsame måtar for naturen.

Ein lærdom er at der landskapet er mykje endra, asfalt- og betongdekke eller hardpakka grus lagt, område er nedbygde av hus, myrar drenerte, vekstjord pakka i hop av tunge maskinar, vatn i myrar ført vekk til bekker og elvar og elveløp retta ut, bruker vatnet langt stuttare tid frå fjell til sjø, og flaumane i lågareliggjande område blir meir intense.

Eg som skriv, kjenner ikkje grundige undersøkingar av det, men det synest også vere dekning for at monokulturar i skog og vekstjord er meir brannutsatte enn multikulturar med tamme og ville beitedyr i utmark. Dei monokultiverte og planerte landskapa er ofte lite i stand til å magasinere vatn. Det småkuperte landskapet med mangslags plantevekst er meir stabilt og med mindre avrenning. Der dyr beiter, dominerer ny plantevekst over visning og rotning det meste av året. Med frisk grasvotn blir jord og skog blir mindre brannutsatte. Når det er motsett, at store mengder organisk materiale visnar samtidig, blir terrenget sårbart til dømes ved lynnedslag. Undersøkingar tyder også på at ei side ved hyppigare ekstremvêr er meir torevêr og difor større brannfare. Torevêrsomfanget i ekvatorbeltet spreier seg nord- og sørover på kloden. Ifølgje ein forskingsrapport frå California aukar brannrisikoen fire gonger for kvar grad temperaturen stig.

Hovudkjelda for opplysningane i denne artikkelen er oversynsartiklar på nettsidene til britiske *The Week*. Temperatur-opplysningane er frå *Copernicus Climate Change Service*.

#### INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Leiar Margit Fausko,  
e-post [margit@smabrukralaget.no](mailto:margit@smabrukralaget.no)  
Ilona Drivedal,  
e-post [ilonadrivedal@yahoo.no](mailto:ilonadrivedal@yahoo.no),  
Jens Erik Furulund,  
e-post [jenserik.furulund@gmail.com](mailto:jenserik.furulund@gmail.com)  
René Cortis,  
e-post [rene.cortis@gmail.com](mailto:rene.cortis@gmail.com),  
Audun Emil Tvedten,  
e-post [audun.e.tvedten@gmail.com](mailto:audun.e.tvedten@gmail.com)  
Olav Randen,  
e-post [boksmia@online.no](mailto:boksmia@online.no)

